

Kaffimøte med næringslivet 06.12.16.

Kommunal info:

- Status tredje avkøyring, i rute
- Status fleir brukshall, omgjering av squash-hall til større basisareal gir meir spele midler totalt som er tenkt brukt på klatrevegg samt buldrev egg. Ei anna avklaring er at fleir brukshallen ikkje er eit reint undervisningsbygg som opnar for at arrangement med serveringsløyve kan gjennomførast. Det vart og informert om forhandlingane mellom Gol kommune og Gol IL angåande driftsavtale. Ved einighet med Gol IL må alle være forberedt på å forhalde seg til Gol IL i framtida.
- Masterplan for Hallingmo, forskyvd framdriftsplan som tek sikte på eit arbeid som går over heile våren, det er og sett på eit skisseprosjekt for arrangement plass i området frå sentrumsvegen og opp til parkering for ungdomskulen og dette vil bli diskutert nærmare i arbeidsgruppa sitt neste møte over jul.
- Den nye kommunalsjefen Svein Eide presenterte seg sjølv og kva tankar han hadde for arbeidet i Samfunn og utviklingsavdelinga.
- Gol Reisemål, har sett i gang revidering av strategi og tiltaksplan der medlemmer og kanskje ikkje-medlemmer får bli med å definere kva GRM skal drive med framover.
- Avtale med JS-Norge, vart tatt opp og diskutert om det fortsatt er aktuelt sidan dei no har valt å bruke det lokale trykkeriet til produksjon av brosjyre om Gol. Det er fortsatt meininger om at dette er for dyrt og at det er eit ynskje om å lage ein lokal variant. Det vart spelt inn til styret i Gol Reisemål at det er ynskjeleg at dei står i ei koordinatorrolle for eit slikt lokalt initiativ.
- Sak om blå/gule tomter er foreslått tatt opp att etter nyttår i sak om planstrategi som skal vedtas neste tysdag i kommunestyret. Om det går etter innstillinga til formannskapet så vil Gol kommune fremja saken på nytt, men kommunestyret tek avgjerdsla 13.12.16.

Under eventuelt var fylgjande trekt fram:

- Opning av Coop Xstra blir 11.05.17 kl 10.00 og alt går etter planen
- Bualie har ikkje opna heisen pga lite snø, men det er trykk på dei nye leilighetene
- Tom Rune Skredderberget Blakkestad opplev stor etterspurnad på kjøp av fyrstehjelskurs, og i den forbindelse er det og auka etterspurnad på moglegeheiter for overnatting, han spelte og inn til styret i Gol Reisemål at han synes ideen om tryggheitstorg på Fårefestivalen er interessant også for hans virksomheit
- Det var oppfordra å leggje til rette for el-ladestasjon i sentrum, det vart då påpeikt at Coop Xstra bygget vil kunne tilby dette samt at Kremmartunet starta utbygging av dette i dag, og Svein Eide kommenterte at det ligg tilskuddsordningar for utvikling av dette.
- Frode Bjelland informerte at han skal over i nytt arbeid på Gol etter januar 2017.

Nye møter neste halvår:

Fyrstemøterunden blir skyvd til andre veka i januar, reisten skal føregå fyrste tysdag i månaden. Ny møtepllass kjem ut på arrangement på facebook samt at det opprettast ei open gruppe på facebook for kaffimøtene.